



# Klassifisering av kunde

## 1. Klassifisering

Sparebanken Sogn og Fjordane er etter verdipapirhandellova pålagd å klassifisere alle kundar som banken yter investeringstenester til.

Etter verdipapirhandellova kan kundar som oppfyller bestemte vilkår bli klassifisert som profesjonelle og kvalifiserte motpartar. Dei kundane som ikkje oppfyller vilkåra skal i utgangspunktet klassifiserast som ikkje-profesjonelle. Kundar i kategorien ikkje-profesjonelle har det beste investorvernet.

Kundane i SpareBank 1 Sogn og Fjordane vert klassifisert som ikkje-profesjonelle kundar, så framt dei ikkje oppfyller vilkåra for å bli klassifisert som kvalifiserte motpartar. På bakgrunn av opplysningar som banken har motteke har vi plassert i følgjande kundekategori:

- |                          |                          |
|--------------------------|--------------------------|
| Ikkje-profesjonell kunde | <input type="checkbox"/> |
| Kvalifisert motpart      | <input type="checkbox"/> |

Klassifiseringa gjeld i forhold til alle dei finansielle instrument som SpareBank 1 Sogn og Fjordane tilbyr tenester til. I kva grad kunden er verna av lovgjevinga og tilhøyrande forskrifter vil avhenge av kundekategori. Nedanfor følgjer informasjon om hovudtrekka ved investorvernet for kvar kundekategori, denne informasjonen er ikkje uttømmande.

## 2. Ikkje-profesjonell kunde

### 2.1 Grad av investorvern

Kundar som er klassifisert i denne kundegruppa har den høgste grad av investorvern. Dettemedfører mellom anna at banken i større grad enn for dei andre kundekategoriane pliktar å tilpasse tenesteytinga til kunden sine individuelle behov og føresetnader.

I tillegg til at føretaket i sin tenesteyting til kunden er underlagd generelle reglar om god forretningsskikk, vil føretaket før handlar eller rådgjeving finn stad vurdere om ei teneste/transaksjon, relatert til finansielle instrument, er føremålsteneleg eller eigna for kunden. Investeringsrådgjeving vil skje på bakgrunn av opplysningar frå kunden om kunden sine investeringsmål, finansielle stilling, i tillegg til erfaring og kunnskap om den aktuelle tenesta/transaksjonen.

Dersom kunden ynskjer å gjennomføre ein handel banken ikkje finn føremålsteneleg med omsyn til kunden sin kunnskap og erfaring har banken ei frårådingsplikt. Handelen kan likevel gjennomførast dersom kunden ynskjer det trass åtvaringa. Banken si plikt til å vurdere om ei teneste/transaksjon er føremålsteneleg gjeld ikkje i alle tilfelle. Mellom anna er det gitt omfattande unntak for internethandel.

Status som ikkje-profesjonell kunde medfører også ein omfattande rett til å ta i mot informasjon frå banken. Banken pliktar mellom anna å informere om dei aktuelle finansielle instrument og risiki relatert med desse, handelssystem og marknadspllassar banken nyttar, i tillegg prisar og andre kostnader ved ein kvar transaksjon, slik at kunden vert sett i stand til å gjere ei informert investeringsavgjerd.

## **2.2 Høve til omklassifisering**

Lova opnar for at kundar som ynskjer å byte kundekategori kan be om det. Ikkje-profesjonelle kundar kan be om å bli handsama som profesjonelle kundar eller kvalifiserte motpart. Banken kan, dersom nærmere vilkår er oppfylt og prosedyrar vert følgd, etter eige skjøn godkjenne slike byte. Slik omklassifisering medfører ein lågare grad av investorvern.

### **2.2.1 Frå ikkje-profesjonell til profesjonell kunde**

#### **1) Absolutte krav**

Kunden må oppfylle minst to av følgjande vilkår;

1. kunden har føreteke transaksjonar av vesentleg storleik på den relevante marknaden gjennomsnittleg 10 gonger pr. kvartal i dei føregåande fire kvartal,
2. storleiken på kunden si finansielle portefølje, definert til å omfatte kontantbeholdning og finansielle instrument, overstig eit beløp som i norske kroner svarar til € 500.000,
3. kunden arbeider eller har arbeidd innan finansiell sektor i minst eitt år, i ei stilling som krev kunnskap om dei relevante transaksjonar og investeringstenester

#### **2) Prosedyre**

Kunden skal skriftleg informere banken om at vedkommande ynskjer å bli handsama som profesjonell. Kunden må dokumentere at krava i punkt 1 over er oppfylt. Vidare skal kunden skriftleg, i eit separat dokument, erklære at kunden kjenner konsekvensane av å miste vernet som følgjer av å vere klassifisert som ikkje-profesjonell kunde og som i hovudsak kjem fram av dette informasjonsskrivet. Banken kan kontaktast for nærmere informasjon.

Banken må gjere ei konkret vurdering av om kunden - på bakgrunn av kunden si ekspertise, erfaring og kunnskap, i tillegg til dei planlagde transaksjonar - er i stand til å treffe eigne investeringsavgjelder og forstår den risiko som er involvert.

### **2.2.2 Frå ikkje-profesjonell til kvalifisert motpart**

Ber ein ikkje-profesjonell kunde om å bli omklassifisert til kvalifisert motpart, må kunden gå vegen via profesjonell kunde. For omklassifisering frå ikkje-profesjonell til kvalifisert motpart, sjå derfor om klassifisering frå ikkje-profesjonell til profesjonell i punkt 2.2.1 og frå profesjonell til kvalifisert motpart i punkt 3.2.2.

### **3. Profesjonell kunde**

#### **3.1 Grad av investorvern**

Kundar klassifisert som profesjonelle kundar er i noko mindre grad enn ikkje-profesjonelle kundar verna av lovgjevinga. Profesjonelle kundar er på enkelte områder sett skikka til å ivareta eigne interesser og tenesteytinga vil som ei følgje av dette i mindre grad vere tiltrettelagd dei individuelle behova til kunden.

I utgangspunktet gjeld reglane om god forretningsskikk også fullt ut overfor profesjonelle kundar. Omfanget av pliktene til banken er imidlertid noko redusert. Mellom anna vert det forventa at profesjonelle kundar normalt har tilstrekkelege kunnskapar til å vurdere om ein transaksjon er føremålsteneleg. Ved investeringsrådgjeving vil vi såleis basere våre råd på kunden sine opplysningar om investeringsmål og i utgangspunktet korkje innhente informasjon om finansiell stilling eller kunden sine kunnskapar og erfaring. Banken vil ikkje vurdere om gjennomføring av aktuelle transaksjonar er føremålsteneleg og banken har såleis heller inga frårådingsplikt som overfor ikkje-profesjonelle. Gjennomføring av transaksjonar vil såleis vere noko mindre omstendeleg enn for ikkje-profesjonelle kundar. Dette kan ha verknad for kor raskt den aktuelle transaksjon vert gjennomført. Ein annan konsekvens vil vere at profesjonelle kundar kan få tilgang til eit breiare produktpekter.

Profesjonelle kundar vert også vurdert til å vere skikka til å vurdere kva informasjon som er nødvendig for å treffe ei investeringsavgjerd. Dette medfører at profesjonelle kundar i større grad enn ikkje-profesjonelle kundar sjølv må innhente den informasjon dei ser som nødvendig. Profesjonelle kundar vil imidlertid ta i mot rapportar om gjennomførte tenester og anna viktig informasjon som banken sine retningsliner for beste resultat m.m.

#### **3.2 Høve til omklassifisering**

Profesjonelle kundar kan be om å bli klassifisert som ikkje-profesjonell kundar og dermed få ein høgare grad av investorvern. Profesjonelle kundar kan også be om å bli klassifisert som kvalifiserte motpartar og dermed få ein lågare grad av investorvern. Profesjonelle kundar er ansvarleg for at banken til ei kvar tid er orientert om ei kvar endring som vil kunne påverke deira klassifisering.

##### **3.2.1 Frå profesjonell til ikkje-profesjonell kunde**

Det er den profesjonelle kunde si plikt å be om ei høgare grad av vern når vedkommande meiner seg ute av stand til å gjøre ei korrekt risikovurdering. Ei slik endring av kundeklassifiseringa skal dokumenterast ved skriftleg avtale mellom banken og kunden.

##### **3.2.2 Frå profesjonell til kvalifisert motpart**

Profesjonelle kundar som er juridiske personar og som oppfyller to av tre vilkår i punkt 2.2.1 nr 1) over kan be om å bli handsama som kvalifisert motpart. Banken må ha uttrykkeleg stadfesting frå kunden, der vedkommande samtykker i å bli handsama som kvalifisert motpart.

## **4. Kvalifisert motpart**

### **4.1 Grad av investorvern**

Kvalifisert motpartar har den lågaste grad av investorvern.

Kundar med status som kvalifisert motpart har i utgangspunktet same vern som ein profesjonell kunde, sjå punkt 3. Investorvernet vert imidlertid vesentleg redusert overfor denne gruppa når banken yter følgjande investeringstenester; mottak og formidling av ordre og omsetning av finansielle instrumenter for eiga rekning. Ved yting av slike tenester overfor kvalifiserte motparter er banken ikkje underlagd verdipapirhandelova sine reglar om god forretningsskikk, beste resultat (her medrekna banken sine retningslinjer for mottak og formidling av ordre) og visse reglar knytt til ordrehandsaming.

Når det gjeld krav til vurdering av om investeringstenesta er eigna og føremålsteneleg vil reglane gjelde tilsvarande for kvalifiserte motparter som for profesjonelle kundar.

Unntaket frå regelen om god forretningsskikk medfører mellom anna at enkelte av reglane om krav til informasjon og rapportering ikkje gjeld for denne kundekategorien. I utgangspunktet gjeld dette også regelen om at banken skal sikre at kunden sine interesser vert teke i vare på beste måte. Krav til god forretningsskikk som eit generelt prinsipp må imidlertid gjelde utan omsyn til unntaket frå regelen i verdipapirhandelova og såleis vil kvalifiserte motparter til ei viss grad vere verna av generelle prinsipp om god forretningsskikk.

### **4.2 Høve til omklassifisering**

Kvalifiserte motparter kan be om å verte klassifisert som profesjonell kunde eller ikkje-profesjonell kunde og dermed få ein høgare grad av investorvern.

#### **4.2.1 Frå kvalifisert motpart til profesjonell kunde**

Kvalifiserte motparter kan be om å bli handsama som profesjonell kunde dersom dei ynskjer ein større grad av investorvern og å bli omfatta av reglane om god forretningsskikk.

#### **4.2.2 Frå kvalifisert motpart til ikkje- profesjonell kunde**

Dersom dei kundane som i utgangspunktet er klassifisert som kvalifisert motpart ynskjer ein ytterlegare grad av investorvern kan dei be om å bli handsama som ein ikkje-profesjonell kunde. Punkt 3.2.1 ovanfor vil gjelde tilsvarande ved slik førespurnad.